



HJELMELAND
Kommune

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
072/24	Formannskapet	PS	27.08.2024

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Torborg Kleppa	K2-S11	14/1932

HØYRING - UTSETT ARBEIDSFRIST - BLÅFJELL PUMPE

Vedlegg:

Høring av søknad om forlenget byggefrist - Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet i Ulla-Førre-systemet

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune ber om at det ikkje vert gitt utsett byggefrist for realisering av Blåfjell pumpekraftverk. Sidan 2017 har det kom til nye moment som tilseier at ei kraftubygging i dette området bør sjåast på i ein breiare samanheng. Dette gjeld mellom anna

- Naturavtalen av 2022
- Villreinen har fått status som nær truga på raudlista, og villreinområdet er klassifisert med dårlig kvalitet (raudt lys) etter "Kvalitetsnorm for villrein". Det er sett i gong arbeid med tiltaksplanar for å betra situasjonen i villreinområdet, og det er vedtatt ei ny stortingsmelding - St.me.d. 18 (2023 - 2024) - "Ein forbetra tilstand for villrein"
- Det er igongsett miljørevisjon av Ulla-Førre konsesjonen

Viss NVE likevel meiner at det kan vera grunnlag for utsett byggefrist, bør i alle fall spørsmålet ut på full høyring slik at alle aktuelle parter og instansar får høve til å uttala seg.

Hjelmeland, den 17.07.2024

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Formannskapet 072/24

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:
Samrøystes vedteke

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune ber om at det ikkje vert gitt utsett byggefrist for realisering av Blåfjell pumpekraftverk. Sidan 2017 har det kom til nye moment som tilseier at ei kraftubygging i dette området bør sjåast på i ein breiare samanheng. Dette gjeld mellom anna

- Naturavtalen av 2022
- Villreinen har fått status som nær truga på raudlista, og villreinområdet er klassifisert med dårleg kvalitet (raudt lys) etter "Kvalitetsnorm for villrein". Det er sett i gong arbeid med tiltaksplanar for å betra situasjonen i villreinområdet, og det er vedtatt ei ny stortingsmelding - St.me.d. 18 (2023 - 2024) - "Ein forbetra tilstand for villrein"
- Det er igongsett miljørevisjon av Ulla-Førre konsesjonen

Viss NVE likevel meiner at det kan vera grunnlag for utsett byggefrist, bør i alle fall spørsmålet ut på full høyring slik at alle aktuelle parter og instansar får høve til å uttala seg.

Samandrag

NVE ber om uttale til søknad frå Statkraft om utsett byggefrist for Blåfjell pumpe.

Kommunedirektøren tilrår at søknaden vert avslått. Dette for å sikra ei ny konsesjonsbehandling sett i lys av tiltaksplan for villrein og pågåande revisjon av Ulla Førre-konsesjonen.

Partar i saka:

Statkraft

Fakta

NVE har sendt på høyring søknad om forlenga byggefrist for Blåfjell Pumpe med overføring til Blåsjømagasinet i Ulla Førre-systemet. Blåfjell Pumpe er eit planlagt vannkraftstiltak sørvest for Førrevassdammen, i Hjelmeland kommune. Involverte vatn er i hovudsak Store Gilavatn, Store og Litla Blåfjellvatn og Trolltjørna. Det er tale om å fanga opp flaumvatn som i dag renn mot Førre, og å pumpa opp vatn til Blåsjø for vidare kraftproduksjon i dei store kraftverka i Suldal. Berekna produksjon er 46 GWH, noko som er eit "stort lite kraftverk".

Statkraft fekk 14.6.2013 konsesjon av NVE til bygging av kraftverket. Seinare søkte dei om endring av planane, og fekk lov til det 1.9.2017. Året etter (2018) var det tale om ei ny planendring som m.a. Hjelmeland kommune hadde til høyring. Denne siste planendringa vart parkert og i staden har Statkraft vald å halda på planen frå 2017. Dei søker no om utvida byggefrist til 31.8.27 fordi konsesjonen gjekk ut på dato i 22.

NVE vurderer det slik at saka ikkje er så omfattande at eit spørsmål om utvida byggefrist krev kunngjering og brei høyring. Søknaden er difor berre sendt på avgrensa høyring til kommunane, fylkeskommunen, Statsforvaltar og Villreinnemnda. Dei ber om innspel på om det er kome nye moment som tilseier at fristen ikkje bør forlengast.

Lovar, føresegner, rundskriv

Energiloven

Vassdragsreguleringslova

Vannressurslova

Økonomiske konsekvensar

Ei eventuell realisering av kraftverket vil kunne føra til auka eigedomsskatt og andre kraftinntekter til kommunen. Spørsmålet er er imidlertid ikkje om det skal seiast ja eller nei til kraftverket, men om ein skal akseptera realisering allereie no gjennom utvida byggefrist. Alternativet vil vera ei ny konsesjonsbehandling.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Området inngår i "Heiplanen" - regionalplan for heiområda frå 2012, men er ikkje omtalt der. Området er i den planen lagt ut som "Hensynssone Nasjonalt villreinområde". Men denne planen var kjent då det første vedtaket om konsesjon vart gitt i 2013.

Kommuneplanen for Hjelmeland 2019-2031 angir området som LNF-område, med omssynssone villrein.

Hjelmeland kommune har tidlegare handtert saker vedr. Blåfjell pumpe. I AFUsak 107/15 vart det på viss vilkår gitt dispensasjon til dei planane som vart godkjente i 2017. Vedtaket var slik:

"Hjelmeland kommune gjev dispensasjon, jf. § 19-2 i plan- og bygningslova, frå LNF-føremålet i kommuneplanen som omsøkt, for bygging av Blåfjell pumpe, med følgjande vilkår:

-Vegalternativ 2 skal nyttast ved Stora Gilavatnet. Vegen bør vera permanentet av omsyn til landbruksinteressene i området.-Sprengstein bør i størst mogleg grad deponerast under vatn"

I 2019 uttalte formannskapet seg til den planendringa som seinare vart parkert av NVE. I den saka (2019) ba kommunen om at Blåfjell pumpe og eventuelle andre opprustnings- og utvidingsmuligheter (O/U) blir vurderte i samband med miljørevisjon av Ulla-Førre-konsesjonen.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Eit kvart inngrep i dette sårbare naturområdet vil ha konsekvens for natur og miljø. Samstundes er det grunn til å hevda at ein her vil få etter måten mykje kraft i forhold til storleiken på naturinngrepet.

Innkommne uttalar

Saka er sendt på uttale frå NVE, og pr. dags dato kjenner ein ikkje til kva uttale som kjem frå dei andre instansane. Høyringsfrist er sett til 12.9.24.

Vurdering og konklusjon

Det viktigste spørsmålet å svara på her er om det har kome nye moment i saka som tilseier at fristen for bygging av kraftverket ikkje bør forlengast med fem år, frå 2022 til 2027. Dersom det ikkje blir gitt forlenga byggefrist, vil konsekvensen vera at Statkraft må søkje om konsesjon på nytt, med nytt oppdatert kunnskapsgrunnlag, dersom dei vil halde på planen om å bygge ut Blåfjell-pumpe. Opphavleg konsesjon vart gitt i 2017, og då må ein sjå på om det sidan 2017 kan vera komne nye moment.

Kommunedirektøren meiner svaret her er ja: Det er kome nye moment. Sidan 2017 har det generelt i samfunnet skjedd ei auka fokus på natur og miljø, noko som m.a. inneber signering av Naturavtalen frå Montreal 2022. Her hjå oss er det no 50 år sidan konsesjonen for Ulla Førre vart vedteken av Stortinget, og miljørevisjon av denne konsesjonen er ei sak som no pågår. Kommunedirektøren meinar at det ville vore naturleg å sjå utbygging i samanheng med den pågående revisjonssaka.

Det har i perioden frå 2017 også vore eit auka fokus på villrein, særleg etter gjennomgangen av dei ti viktigaste villreinområda i forhold til "Kvalitetsnorm for villrein". Villreinen i Setesdal - Ryfylkeheiane er klassifisert med "Dårleg" kvalitet (raudt lys), og er villrein er klassifisert som Nær truga (NT) på den nasjonale "Raudlista for artar - 2021" utarbeidd av Artsdatabanken. Som følgje av at fleire av dei større villreinområda i Norge har fått raudt lys etter kvalitetsnormen, er det dei siste åra gjort eit omfattande arbeid med å laga tiltaksplanar for villrein, der ein ma. ser på ferdselsruter, plassering av hytter, stenging av vegar mv. Utkast til tiltaksplan for Setesdaleheiane og Ryfylkeheiane er oversendt Miljødirektoratet for vidare behandling. Mange har vore involvert i arbeidet med utarbeiding av utkast tiltaksplanen, deriblant Statsfovaltarane og fylkeskommunane i Rogaland, Agder og Telemark, kommunane, turistforeningen, Statskog/fjellstyra, landbruksnæring m. fl. .

I nyare tid har kommunen også handtert eit par eldre konsesjonssaker for småkraftverk som allereie har fått utsett frist for realisering frå NVE. Dette er saker som me har erfart er problematiske å handtera med omsyn til dispensasjonsbehandling etter plan- og bygningsloven. Ein kan her visa

til saka i Lyngsheia (Øvre Ullestadbåna), som skapte stor debatt. Blåfjell Pumpe er eit mykje større prosjekt enn prosjektet i Lyngsheia, og det er difor ekstra viktig at eit beslutningsgrunnlag byggjer på oppdatert informasjon og at saka kan bli sett på i ein breiare samanheng.

Sjølv om behovet for ny fornybar energi er minst like stort som i 2017, når konsesjonen blei gitt, så tilrår kommunedirektøren at det ikkje blir gitt forlenga byggefrist fordi ein meiner saka bør vurderast på grunnlag av nytt oppdatert kunnskapsgrunnlag, og i samanheng med arbeidet med tiltaksplan for villrein og med revisjonssaka for Ulla-Førre.